



Saksdokument

**Prinsipputtale frå kommunestyret. Vindturbin i Sløvåg
Samtykke til konsesjonsmelding**

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|---------------|------------|
| 016/23 | Kommunestyret | 23.03.2023 |

Behandling i Kommunestyret 23.03.2023**Handsaming og røysting****Røysting**

Framlegg frå kommunedirektøren: Samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret KOM sak 016/23

Gulen kommune stiller seg positiv til å sette i gang ein prosess med sakshandsaming av tiltaket etter plan- og bygningslov samt andre relevante reguleringar. På prinsipielt grunnlag gjev kommunen sitt samtykke til å sende konsesjonsmelding. Samtykket er med etterhald om at kommunen på eit kvart tidspunkt, fram til konsesjonhandsaminga er ferdig handsama, kan endre standpunkt. Det blir lagt til grunn at NVE koordinerer handsaminga med kommunen si sakshandsaming etter plan- og bygningslova m.v

| Vedlegg | Dok.ID |
|---|--------|
| Presentasjon 14-03-2023 | 287303 |
| Melding Testturbin - Sløvågen - Gulen | 287304 |
| RE Testlokasjon for ein offshore vindturbin i Sløvåg, Gulen | 287305 |
| Føresegner_Sløvåg_verdtatt_22.10.18 | 287306 |

Bakgrunn for saka:

Gulen kommune er kontakta av Wergeland Gruppa AS, vedk. etablering av eit testanlegg for havvindturbin i Sløvåg. Det har vore dialog i møter, eit av dei der fylkeskommunen også deltok.

Innretninga avvik frå reguleringsføreseggnene.

Det aktuelle tiltaket krev konsesjon frå NVE. Konsesjonshandsaming av nye

vindkraftverk på land ble stansa i april 2019. Stortinget behandlet Meld. St. 28 om endringar i konsesjonsprosessen i desember 2020. I løpet av 2021 og 2022 vart det opna for behandling av nye vindkraftprosjekt, men kun dersom vertskommunen samtykker til det (informasjon frå NVE si nettstad)

Verksemda ynskjer å presentere prosjektet for kommunestyret, for ein prinsipputtale om det er motsegner til etablering av eit slikt anlegg i området.

Saksvurdering og konklusjon:

Initiativtakar sin presentasjon av saka ligg vedlagt. Det må for ordens skuld presiserast at det kan kome noko endringar i melding til NVE, vedlegget er å rekne som eit utkast.

Verksemda ynskjer å presentere prosjektet for kommunestyret, for ein prinsipputtale om kommunestyret på noverande tidspunkt vil gje samtykke til etablering av ein slik kraftproduksjon, og tilhøyrande verksemd på industriområdet.

Prinsipputtalen som initiativtakar ber om i denne omgang er ikkje å rekne som eit bindande samtykke frå Kommunestyret, men ein uttale om at det *kan* arbeidast vidare med handsaming av tiltaket.

1. Sakshandsaming vidare i kommunen

Det er foreslått nye regler i plan- og bygningslova. Desse er per i dag ikkje trådt i kraft. Det er likevel ikkje høve til å bygge installasjonar som er i strid med gjeldande arealplanar. Energimyndighetene si konsesjonshandsaming må koordinerast med kommunen si sakshandsaming etter plan- og bygningslova. Før NVE kan sende melding om konsesjon på vindkraftverk på høyring, må kommunen ta stilling til korleis saka skal handsamast.

Førebelser er det ikkje sendt inn planinitiativ eller byggesøknad eller søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslov §§ 12-8, 21-1 § 19-1. Det betyr at sakshandsaming etter plan- og bygningslov ikkje er kome i gang. Det skal settast opp eit møte med planavdelinga for nærmare drøfting vedk. prosessen vidare. Innunder dette ligg det òg tilrådingar med omsyn til om prosessen bør gå som ei planendring eller dispensasjon. Vidare kva krav til dokumentasjon som går fram av reglane.

Føresegnene til planen ligg vedlagt. Av desse går det mellom anna fram at det i pkt. 2.1.8 i føresegnene er sett maksimal byggehøgd på 50 meter. Vidare at det er tillate

å etablere kraner og vindmøller, men avgrense til ei høgd opp til 150 meter over gjennomsnittleg planert terreng. Reguleringsplan stiller krav om at det, før det vert gjeve løyve for utbygging av vindmøller, skal lagast ei konsekvensutgreiing.

2. Sakshandsaming i NVE

Sakshandsaming i NVE går gjennom fleire trinn, melding, høyring, konsekvensutgreiingsprogram. Saka vert vurdert etter Energilova. Ved konsesjonshandsaminga skal ein sikre at produksjon skjer på ein samfunnsmessig rasjonell måte. Det skal takast omsyn til allmenne og private interesser som vert påverka.

Kommunen sitt samtykke som vertskommune på meldingsstadiet, skal i følgje informasjon på nettstaden til NVE, ikkje legge føringar for at kommunen ikkje kan endre standpunkt på det seinare tidspunkt i den vidare konsesjonsbehandlinga. Sakshandsamingsprosessen med konsekvensutgreiingane vil skaffe til veie eit betre faktagrunnlag for eit endeleg standpunkt frå kommunen si side.

Det går vidare fram at dei nye reglane om krav til søkeren vil bli lagt til grunn. Det vil bli kravd at konsekvensane blir grundig greia ut, og det vert nytta standardvilkår som minimumsavstand til bebyggelse, maksimal høgde for vindturbinane og kortare frist for utbygging.

3. Uttale frå kommunestyret

Det er opp til kommunestyret å ta standpunkt til om dei på prinsipielt grunnlag ikkje vil tillate innretningar av denne type vindturbin for kraftproduksjon. For vurderinga må det takast omsyn til at turbinen, sjølv om den er omtalt som midlertidig, er planlagt å stå fram til 2050.

Når administrasjonen under innstiller på eit samtykke, så er det basert på at konsekvensutgreiingane vil belyse saka betre. Det er mange faginstansar inne som skal uttale seg, og det er spesialkompetanse som er sett til å handsame konsesjonsvurderingane.

Turbinen er tenkt inne på eit etablert industriområde. I reguleringsføreseggnene er det tatt høgde for at det kan vere aktuelt med vindmøller, sjølv om ein ikkje såg for seg den totale storleiken på det tidspunkt reguleringsføreseggnene ble utarbeidd. Initiativet samsvarar med det grøne skiftet, og regionalt er området vurdert som ein

vikting lokasjon i dette arbeide. Tiltaket vil bidra til økt aktivitet og har eit proaktivt og innovativt utviklingsperspektiv.

Når dei totale konsekvensane er utgreidd, vil kommunen kunne gjere velkvalifiserte vurderingar av heilskapen. Ein vil då betre kunne vurdere om dei positive effektene overstig eventuelle ulemper for omgjevnadane. Det totale risikobiletet og dei avbøtande tiltak vert viktig i denne samanheng.

Det vert sjølv sagt lagt opp til gode medverkarprosessar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gulen kommune stiller seg positiv til å sette i gang ein prosess med sakshandsaming av tiltaket etter plan- og bygningslov samt andre relevante reguleringar. På prinsipielt grunnlag gjev kommunen sitt samtykke til å sende konsesjonsmelding. Samtykket er med etterhald om at kommunen på eit kvart tidspunkt, fram til konsesjonshandsaminga er ferdig handsama, kan endre standpunkt. Det blir lagt til grunn at NVE koordinerer handsaminga med kommunen si sakshandsaming etter plan- og bygningslova m.v